

Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 4 2026

Tidspunkt: 16. juni 2026, kl. 11.00-12.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 12. mai

Protokollen er sendt ut.

Vedtakssaker

Sak 23/26 Møteplan for haust 2026

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssaker

Sak 24/26 Heilskapleg ordning for praksisbesøk i lektorutdanninga: Prosessen framover

Notat frå lektorsenteret

Sak 25/26 Eventuelt

Sak 23/26 Møteplan for haust 2026

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 16. juni 2026

WebSak: 26/45838

Framlegg til møteplan for haust 2026:

- 30. september kl. 13.30 – 15.30
- 4. november kl. 13.30 – 15.30
- 9. desember kl. 13.30 – 15.30

Framlegg til vedtak:

Felles programstyre vedtek framlegget til møteplan for hausten 2026.

**Sak 24/26 Heilskapleg ordning for praksisbesøk i
lektorutdanninga: Prosessen framover**

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 16. juni 2026

WebSak: 26/45838

Bakgrunnsdokument

- *Rapport fra arbeidsgruppen for organisering av praksisbesøk i lærerutdanningen, vår 2024* – vedlagt i e-post
- [Sak 26/20, Rapport fra arbeidsgruppen for organisering av praksisbesøk](#), programrådet 23.06.20 og [protokoll](#)
- [Sak 9/24, Tilbakemeldinger fra fakultetene på reviderte retningslinjer for praksisbesøk](#), praksisutvalget 03.12.24 og [protokoll](#).
- [Sak 4/25, Praksisbesøk i pedagogikk våren 2025](#), felles programstyre 05.02.25 og [protokoll](#)
- [Sak 5/25, Status praksisbesøk i pedagogikk vår 2025](#), styringsgruppa 06.03.25 og [protokoll](#)

1 Bakgrunn

Praksisbesøk inngår som del av praksisoppfølginga i lektorutdanninga ved UiB, og er ei av arbeidsoppgåvene til fagdidaktikarar og pedagogar ved UiB. Den allmenne vurderinga uttrykt av programstyret i sak 4/25, er at praksisbesøk er fagleg verdifulle og at dei er sentrale for kontakten mellom UiB og skulane (jf. sak 4/25). Utgangspunktet her er at UiB skal ha praksisbesøk.

Samtidig er det nokre utfordringar ved praksisbesøka som er blitt aktualiserte dei siste åra. Det handlar bl.a. om at rolla og funksjonen til besøka blir oppfatta som utydeleg, at ressursituasjonen er blitt usikker, og at det utviklar seg variasjon i gjennomføringa av besøk.

Føremålet med denne saka er å få identifisert nokre utfordringar ved praksisbesøka slik dei framstår i dag, og å skissere ein prosess med tanke på å få ein heilskapleg gjennomgang av ordninga med praksisbesøk i lektorutdanninga ved UiB. På den måten kan vi få tydeleggjort *mål* for praksisbesøka, og på det grunnlaget betre kvaliteten på besøksordninga.

Ønsket om ein heilskapleg gjennomgang har kome til uttrykk *over tid*. Programstyret uttalte i sak 4/25 5. februar 2025 at det ville vere «nyttig at praksisbesøka og praksisoppfølging vart drøfta og gjennomgått på nytt, og sett i samanheng med lektorutdanninga som heilskap». Styringsgruppa uttalte på møtet 6. mars 2025, sak 5/25, at «styringsgruppen er positiv til at lektorsenteret vil se nærmere på praksisbesøkenes rolle i lektorutdanningen, og at en slik prosess blir gjort grundig og fulgt opp på en god måte.» I tillegg har praksisutvalet ønskt ein breiare diskusjon av ordninga, bl.a. i sak 09/24 (3. desember 2024). Ønsket om å sjå meir heilskapleg på

praksisbesøka går endå lenger tilbake i tid, og var tema for ei arbeidsgruppe nedsett av programrådet og styringsgruppa i 2019, og som kom med rapport i 2020.

I rapporten frå 2020 kom det framlegg om ein del rutinar og tiltak som handla om organisatoriske rammer, kommunikasjon i forkant og etterkant av praksisbesøk, gjennomføring og etterrettleiing. I tillegg var det framlegg om å sikre at ein tok opp grunnleggjande tema under praksisbesøka, at nytilsette fekk opplæring i praksisbesøk, meir erfaringsutveksling, betre kommunikasjon og vidare utvikling.

I år er praksisbesøksomfanget blitt diskutert i samanheng med ei særordning med eitt praksisbesøk hausten 2026.

2 Rammer og premisser for praksisbesøka

Praksisbesøk i lektorutdanninga går ut på at ein fagleg tilsett ved UiB oppsøker ein lektorstudent ved praksisskulen, og har samtale, observasjon og rettleiing av studenten. Det er laga [retningslinjer for praksisbesøk](#), både for femårige lektorprogram og for eittårig PPU. Desse fokuserer på dei praktiske rammene for gjennomføring av praksisbesøk. Lektorutdanninga ved UiB har i dag ikkje retningslinjer for vurderingskriterier for praksisbesøka, ut over læringsutbyttet som er definert i emneplanane.

2.1 Praksisbesøk som rettleiing og del av vurdering

Praksisbesøka inngår som ein viktig del av sluttvurderinga, og er dermed med i vurderinga av om studenten har oppnådd dei nødvendige kunnskapane og ferdigheitene til å godkjent praksis. Sluttvurdering av praksis er eit felles ansvar for både praksisfeltet og lektorutdanningsinstitusjonen.

I dei siste tiåra har ein lagt større vekt på den formative rettleiingsfunksjonen til praksisbesøka. Gjennom førsamtale, observasjon og rettleiingssamtale skal studenten få rettleiing som kan grunnlag for refleksjon og auka læringsutbytte. Den formative funksjonen blir poengtert i rammeplanen med mål om at «studentene utvikler evnen til å utforske, reflektere over og utvikle egen profesjonsutøvelse» og at det skal vere progresjon i praksis.

2.2 Praksisbesøk som kontaktpunkt mellom praksisfeltet og UiB

At rettleiing og vurdering av studentar i praksis er eit felles ansvar mellom UiB og praksisskulane, tilseier at det er behov for tett kontakt mellom universitet og praksisfelt. Det er fleire måtar slik kontakt kan føregå på, bl.a. rettleiarsamlingar, felles seminar og konferansar, prosjektmøte etc. Praksisbesøk er éin av fleire måtar, men kan vere eit særleg effektivt kontaktpunkt ved at student, fag og læring står i fokus. Det er dessutan ein måte for pedagogar og fagdidaktikarar til å halde seg oppdatert om livet i klasserommet, og om utviklingar, synspunkt og aktivitetar i lærarkorpset.

2.3 Praksisbesøk som integrasjonspunkt i utdanninga

I rammeplanen blir det lagt vekt på at praksisopplæringa skal «være en integrert del av utdanningen». Det blir òg poengtert i styringsdokument knytte til lektorutdanninga ved

UiB, med mål om å styrkje samanhengen mellom praksisopplæringa og undervisninga i pedagogikk, fagdidaktikk og disiplinlag (jf. mandatet for lektorsenteret).

Ved praksisbesøk har tilsette ved UiB moglegheiter til å få innsikt i korleis studenten forstår og bruker fagstoff frå utdanninga i praksis. Det gir i sin tur grunnlag til å vurdere eiga undervisning, pensum, vektlegging av stoff og emne. På den måten kan praksisbesøk ha eit dobbelt føremål ved å bidra til å styrkje kvaliteten i undervisninga ved UiB.

Ein premiss for at det skal skje, er at den som besøkjer studentane også har innsikt i det som skjer i undervisninga ved UiB, og kan påverke den. Det vil òg vere ein føresetnad med tanke på praksisbesøk som element i skikkavurdering av studentane.

3 Aktuelle problemstillingar for ein heilskapleg gjennomgang av ordninga

Det er innleiingsvis vist til at både styringsgruppa og programstyret har bede om ein heilskapleg gjennomgang av ordninga med praksisbesøk i lektorutdanninga ved UiB. At gjennomgangen skal vere «heilskapleg», bør bety at den skal vurdere praksisbesøk som del av lektorutdanninga som heilskap, dvs. i lys av både kvalitet i praksisoppfølginga, faglege og fagpolitiske, ressursmessige og praktiske sider knytt til praksisopplæringa og lektorprogramma.

Aktuelle område å utgreie nærare i det vidare arbeidet, er føreslått i punkt 4.1–4.6 under.

Vi vil også oppmode programstyret til å spele inn andre område og tema som bør vektleggjast, og å gi innspel til dei som er nemnde. Innspela frå programstyret vil danne grunnlag for det vidare arbeidet.

3.1 Overordna mål og funksjon for praksisbesøka

Det er behov for å tydeleggjere kva som er dei overordna måla med praksisbesøka, og kva funksjon praksisbesøka skal spele i lektorutdanninga som heilskap. Dette framstår i dag som utydeleg for fleire aktørar i lektorutdanninga, både blant rettleiarar, studentar og vitskapleg tilsette ved UiB. Ein tydeleg definering av mål og funksjon vil også gi eit godt grunnlag for vidare kvalitetsutvikling.

3.2 Samanheng mellom praksisarena og kampusundervisning

Fleire styrings- og politikkdokument peikar på behovet for sterkare samanheng mellom undervisning og læringsaktivitetar på kampus og i skulane, jf. Fagleg råd for lærarutdanning sine råd for utvida praksis:

<https://nettsteder.regjeringen.no/frlu/anbefalinger-om-arbeid-med-utvidet-praksis/>.

Det kan verke som om det varierer i kva grad og kva måte samanhengen mellom kampus og praksisarena kjem til uttrykk gjennom praksisbesøk, dvs. om ein utnyttar potencialet (jf. studentevalueringar).

3.3 Kven som skal utføre praksisbesøka

I løpet av dei siste åra har ein stor andel av praksisbesøka blitt utført av personar som ikkje er direkte involvert i undervisninga til studentane eller i utforminga av lektorutdanninga som heilskap. Det kan dreie seg om lærarar ved andre skular enn praksisskulen. Det kan også dreie seg om timelærarar eller prosentlærarar som har som

primæroppgåve å drive praksisbesøk. Denne utviklinga reiser fleire problemstillingar knytt til mål og funksjonar for praksisbesøka.

3.4 Ressursar

Med normalt 110–120 studentar per kull på lektorprogramma og 50–60 studentar på PPU, vil det med 2 praksisbesøk per student per langpraksis, tilseie normalt mellom 320 og 360 praksisbesøk per semester, dvs. mellom 640 og 720 besøk per år. I tillegg kjem det ekstrabesøk ved tvilstilfelle. Nokre fagmiljø legg til grunn faktor 5 per besøk. Dersom ein reknar fem timar per praksisbesøk, svarar dette til mellom 3200 og 3600 arbeidstimar per semester, men ulikt fordelt mellom fag. Legg ein til grunn faktor 4, svarar det til 2560–2880 timar.) Ei førsteamanuensisstilling har normalt tilgjengeleg 458 timar per semester til undervisning og administrasjon, slik at det her er tale om ressursar knytte til fleire vitenskaplege stillingar. Ein kan problematisere detaljar i talgrunnlaget, men det er utan tvil at den samla ressursbruken til praksisbesøk er betydeleg. I tillegg kjem andre måtar ein driv praksisoppfølging på gjennom kortpraksis og kampusbasert praksis, som òg krev ressursar.

Ressursproblemet er ulikt fordelt mellom ulike fag, og blir dermed opplevd på ulik måte. Generelt er det likevel ein tendens til innsparingar i UH-sektoren, samtidig som talet på ulike oppgåver i lektorutdanninga aukar. Då kan praksisbesøk endar opp som salderingspost. Det skjedde våren 2025 då Det psykologiske fakultet ikkje ønskte praksisbesøk i pedagogikk i lektorprogramma, og viste til at dette ikkje var pålagt. Eit særleg ressursspørsmål dreier seg elles om praksisbesøk der studentar har praksis i utlandet.

3.5 Omfanget av praksisbesøk

[Reviderte retningslinjer for praksisbesøk i lektorutdanningen](#) tilseier at det vanlegvis skal vere fire praksisbesøk for kvar lektorstudent, med to besøk per langpraksisperiode. Tre av besøka skal vere av fagdidaktikar, eitt av pedagog, og det er eit mål med besøk i alle fall i to skulefag. (Ved NT-fakultetet opererer ein òg med tre skulefag.)

Retningslinjene blir normalt følgde, men det er tilfelle med unntak. I studieåret 2018/2019 var det unntak pga. svært høge studenttal i historie, religion og engelsk (siste året med opptak til PPU utan masterkrav). Hausten 2026 er det òg unntak pga. høge studenttal i samband med at gamal og ny modell kryssar kvarandre. I tillegg kan det oppstå logistiske utfordringar som ikkje let seg løyse.

Dersom vi jamfører med andre utdanningsinstitusjonar, er besøkstalet høgare enn særleg ved UiO: Lektorstudentar ved UiO får studentane to vurderingsbesøk. Det eine er av ein pedagog eller fagdidaktikar frå UiO, det andre er av ein i leiinga ved praksisskulen. Praksisbesøket frå UiO kan òg skje digitalt. Det er samtidig vanskeleg å samanlikne med andre UH-institusjonar fordi ein bruker ressursar til praksisoppfølging på litt ulike måtar, t.d. gjennom universitetstilsette som er til stades ved skulane ved kortpraksisperiodar etc. Ved UiA følgjer fagdidaktikklærar følgjer opp studentar i praksis i dei første fire semestera (tils. 40 dagar praksis) og i 8. semester (tils. 30 dagar), medan pedagogikklærar følgjer opp studentar i praksis i 5. semester (30 dagar). NTNU har tre praksisbesøk (faglærar i fag 1, faglærar i fag 2 og koordinator).

3.6 Variasjon og kvalitet

Korleis utdanningsinstitusjonar skal følgje opp lærar- og lektorstudentar i praksis, er ei generell utfordring som ikkje berre gjeld for UiB. Danielsen et al. 2026 peikar på «manglende felles forståelse av veiledning og uklare retningslinjer» og «behovet for en helhetlig tilnærming til universitetslærerens rolle» i praksisoppfølginga, jf. [\(PDF\) Universitetslæreres erfaringer knyttet til oppfølging av lærerstudenter i praksis](#)[Teacher educators' experiences of mentoring student teachers in school placements](#)).

Det vil vere av interesse å få meir innsikt i korleis praksisbesøka faktisk blir gjennomførte ved UiB, og korleis mål og fagleg kvalitet blir forstått. Studentevalueringar tyder på at det er ein ikkje ubetydeleg variasjon. Det ser òg ut til at studentar og rettleiarar, og jamvel òg dei som gjennomfører praksisbesøk, kan vere usikre på kva som skal vere funksjonen til praksisbesøka.

Det må poengterast at det er mange gode erfaringar med praksisbesøk ved UiB, og at dei fagleg tilsette ser på dei som verdifulle. Samtidig oppstår det jamleg studentsaker knytt til praksisbesøka, og dei indikerer at UiB har behov for å gå nærmare inn på gjennomføringsmåtane til praksisbesøka, I møte i praksisutvalet 28. mai vart det frå studentrepresentanten meldt om tre slike saker no vår, og lektorsenteret kan vise til fleire avvik frå god praksis både våren 2026 og føregåande semester.

4 Prosessen vidare

Lektorsenteret tilrår at det blir sett ned ei arbeidsgruppa som skal gjere ein heilskapleg gjennomgang av praksisbesøkordninga, og at framlegg til mandat og gruppesamansetjing blir gjort klart til neste programstyremøte. Arbeidsgruppa bør ha representantar både frå fagdidaktikk, pedagogikk, studentane, praksisskulane og lektorsenteret. Fagleg praksisleiar bør leie gruppa og lektorsenteret bør vere sekretariat.

Eit overordna spørsmål for arbeidsgruppa vil vere å greie ut og vurdere kva som er målet med praksisbesøk. På bakgrunn av svaret på det spørsmålet, kan ein i neste omgang skissere kva som kjenneteiknar god praksis, og utvikle ein berekraftig modell for praksisbesøk ved UiB.

Programstyret blir invitert til å kome med innspel til den vidare prosessen og til mandat og samansetjing av arbeidsgruppa.